



Byglandsnytt nr.18 - februar 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 3. mars - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.02.

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Nytt stadfesta positivt tilfelle av koronavirus (Covid -19) i Bygland kommune

Måndag 01.02.21 fekk kommuneoverlegen stadfesta at det er påvist smitte hos tre personar, den eine er busett i Bygland kommune.

Smittetilfellene av Covid-19 er knytta opp mot Coop Byglandsfjord.

Kriseleing er sett. Dei smitta er i isolasjon, og alle nærkontaktar vert testa og sit i avventande karantene.

Om du har vore på denne butikken frå måndag til laurdag i veke 4 (25.-30.01.21) og kjenner på sjukdomssymptom, ber vi om at du testar deg og set deg sjølv i avventande karantene.

Legekantoret på Byglandsfjord fikk forsterka kapasitet og starta testing.

Telefonnummer for å bestille testing: **90 60 60 11** eller koronatelefonen: **94 17 39 12**

Butikken på Byglandsfjord er stengt fram til onsdag 03.02. i fyrste omgang.

Vi opplyser fortløpande om smittesituasjonen og status på isolasjon/karantene/ avventande karantene på kommunen si heimesida, Facebook og Instagram (@byglandkommune).



Informasjon av kommunedirektørar og leiarar for kriseleiinga i Bygland og Evje og Hornnes kommunar, John S. Sigridnes og Frantz A. Nilsen - lagt ut på heimesida den 27.01.2021:



Til innbyggjarar i Bygland og Evje og Hornnes kommunar

Vi har sett i media dei siste dagane at fleire kommunar i Noreg no kjempar mot spreiding av muterte versjonar av koronaviruset.

Versjonar som er meir smittsame enn det viruset vi er kjent med frå før. På østlandet er til saman 25 kommunar rørt av den engelske mutasjonen, og dei lever no med strenge innskrenkingar og tiltak. Vi har og sett nokre få tilfelle i Agder.

Kriseleiinga i våre to kommunar er uroa for at vi kan kome i samme situasjon som kommunane på østlandet. Difor vil vi no oppmode alle om å vere ekstra nøye med å følgje dei nasjonale smitteverntiltaka. Dei kan du lese om på våre nettsider og på regjeringens sider.

Lokale tilrådingar

Vi ønskjer og at alle følgjer desse fire lokale råda fram til situasjonen på østlandet er avklart:

1. Unngå å reise til østlandet. Ikkje reis om det ikkje er ytterst naudsynt
2. Personar som kjem frå østlandet, bør halde avstand til andre og teste seg, sjølv med milde symptom på covid-19
3. Unngå møte der deltakarane kjem frå fleire kommunar
4. Unngå besøk til institusjonane våre dersom du har vore på østlandet eller har møtt nokon frå der etter 18. januar 2021. Vi ønskjer at du ikkje besøker institusjonane våre dei ti første dagane etter at du har vore på østlandet

Dette gjeld for personar som har kome til Bygland og Evje og Hornnes frå og med 18. januar 2021.

Vi presiserer at dette er sterke tilrådingar, men ikkje pålegg.

Får støtte av kommuneoverlegen

Kommuneoverlege Åsulv Horverak deler kriseleiinga sine bekymringar og støtter dei lokale anbefalingane:

- Det er viktig at vi gjer ein innsats for å hindre at virusa får fotfeste her, både dei muterte versjonane og dei "vanlege", poengterer han.

Definisjon

Med "østlandet" meiner vi dei 10 kommunane som er hardast ramma av den muterte versjonen av koronaviruset og dei 15 omkringliggjande kommunane: Nordre Follo, Oslo, Enebakk, Ås, Vestby, Nesodden, Indre Østfold, Moss, Frogn, Våler, Asker, Aurskog-Høland, Bærum, Drammen, Horten, Lier, Lillestrøm, Lunner, Lørenskog, Marker, Nittedal, Rakkestad, Rælingen, Råde og Skiptvedt.

Slik testar du deg

I Bygland kommune kan du ta test kvar dag. Du kan ringe Bygland legekontor for å avtale tid måndag til fredag kl. 08:00 - 15:00 på telefonnummer 379 34 730. Er det stengt på legekantoret (kveld, helg eller heilagdag) ringar du legevakta på telefonnummer 116 117.

Du må halde deg heime til du har fått testresultatet. Oftast får ein svar ein eller to dagar etter at testen er tatt.

Takk for innsatsen

Kriseleiinga i kommunane ønskjer å takke innbyggjarane for at de er med på dugnaden. Det har vore ein lang dugnad, og den er ikkje over endå. Vi har derimot hatt låge smittetall lenge, og no som vaksininga er godt i gong i begge kommunane, håper vi at vi går ljosare tider i møte.

Med venleg helsing

John Salve Sigridnes og **Frantz Are Nilsen**

kommunedirektørar og leiarar for kriseleiinga i Bygland og Evje og Hornnes kommunar

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: tlf. 37 93 47 00

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – stengt for tida grunna smittesituasjonen

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: besøk utan avtale: torsdagar kl. 12.00-14.00

3 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** dato ikkje klar
- **Bygland ungdomsråd:** 01.02. avlyst
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 02.02. kl. 13.00.
- **Formannskapet:** 03.02. kl. 17.00.
- **Kommunestyret:** 11.02. kl. 17.00.

Nytt om namn i Bygland kommune

- **Anette S. Skeie** har hatt permisjon ei stund. Frå og med 18. januar er ho tilbake på **Bygland legekantor**
- **Marielle Risdal Skjeggedal** er fast tilsett som pedagogisk leiar i barnehagen ved **Byglandsfjord oppvekstsenter**.
- **Kåre Einar Larsen** har sagt opp si stilling i Bygland kommune, og tek til som ny kommunedirektør i **Åseral kommune** 1.4.21.
- **Camilla Verdal** er konstituert som tenesteleiar i **pleie og omsorg** med verknad frå og med 18.1.21.

Offentleg ettersyn (www.bygland.kommune.no/kunngjeringar)

Kunngjering av planvedtak for **Neset camping**

- I samsvar med pbl § 12-12 godkjenne kommunestyret i møte 21.12.2020 i sak 99/20 reguleringsplanen for Neset Camping med planID 201903; føremålet med planen er å leggje til rette for camping, næring, bryggjer, fritids- og turistføremål med tilhøyrande infrastruktur.
- Planvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Agder i samsvar med §§ 12-12 og 1-9, jf. Kap. VI i forvaltningslova; Klage må vere sett fram skriftleg til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland innan **04.02.21**.

Ledige stillingar i Bygland kommune

Ferie-/sommарvikarar pleie og omsorg

Bygland kommune treng ferievikarar til eining for Pleie og Omsorg sommaren 2021. Kjerneperioden er 21.6.21 - 15.8.21, men det vil vere mogleg med tilpassingar. Stillingsstorleiken vil vere varierende, for dei fleste stillingane mellom 60-100 %.



Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimesjukepleie) og habiliteringstenesta (PU), samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand). Alle over 18 år kan søkje. For meir informasjon, ta kontakt med:

- Open omsorg og habilitering: avdelingsleiar Camilla Verdal på e-post: camilla.verdal@bygland.kommune.no
- Byglandsheimen: avdelingsleiar Beate A Granhaug på e-post: beate.granhaug@bygland.kommune.no

Sjuke-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden ber vi om å ta direkte kontakt med oss.

Søknadsfrist: 07.02.2021

Konsulent - pleie og omsorg (2. gongs utlysing)

Pleie- og omsorgseininga har felles merkantil støttefunksjon, og konsulenten si hovudoppgåve er å støtte leiinga ved eininga innan HR, administrasjon og økonomi. Vi bruker Agresso som økonomisystem og Visma Enterprise Ressursstyring (Notus) som arbeidstidssystem.

Arbeidsstaden er for tida ved Byglandsheimen. Oppstart i stillinga er ønskjeleg 3.5.21, men kan bli tilpassa. Denne stillinga vil ha arbeidstid kvar dag måndag - fredag. Allereie fast tilsette i Bygland kommune som er kvalifisert for stillinga vil kunne ha fortrinnsrett jf. aml. § 14-3.

NB! Kontaktperson for stillinga er konst. tenesteleiar Camilla Verdal, tel. 909 52 859, e-post camilla.verdal@bygland.kommune.no.

Søknadsfrist: 12.02.2021

Stillingsannonser finn du på heimesiden; berre digitale søknader:

<https://www.bygland.kommune.no/ledige-stillingar.522039.nn.html>

Ledig stilling i Setesdal interkommunalt politisk råd (tidl. regionråd) Rådgjevar

Vil du drive regionalt utviklingsarbeid i praksis?



I 1 års engasjement med høve til fast stilling søker vi deg som har tru på «landlivet», er fleksibel, engasjert og har kompetanse som kan bidra til dynamikk, vekst og utvikling for morgondagens arbeidsliv. Du trivst i ein hektisk kvardag med ulike prosjekt og driftsoppgåver. Kontorstaden er Valle, men du må rekne med mobile arbeidsdagar og må disponere eigen bil. Stillingsprosent kan drøftast.

Kontakt: Janne Krohn Grimsmo, Senior rådgiver, tlf. 918 94 302

Søknadsfrist: 07.02.2021

Sjå stillingsannonser på Bygland kommune si heimeside

Utdanning ved UIA, Universitetet i Agder Nytt desentralisert sjukepleiestudium

Likar du å jobbe med menneske med mange slags utfordringar? Og er du busett i Setesdal? Sjukepleiarar trengs i framtida!



På nytt vert det tilbod om desentralisert studium i sjukepleie. Oppstart er hausten 2021. Det er krav om geografisk tilknytning. For opptak til studiestad i region Setesdal betyr det at du må bu i ein av kommunane våre, Åseral, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes eller Valle. I tillegg kan folk frå Iveland søke. Denne distriktsvenlege utdanninga hjå **Universitetet i Agder** gjev deg sjansen til å kunne ta ein bachelorgrad i sjukepleie. Setesdal interkommunalt råd

(regionrådet) legg til rette for undervisningslokale og møteplassar, samt at me jobbar i lag med kommunane for å finne relevante praksisplassar i regionen.

For praktisk informasjon og søknad: <https://www.uia.no/studier/sykepleie3>

Ordinær søknadsfrist er 15. april.

Kontakt: Anne Opsal, koordinator distriktskullet / førsteamanuensis Institutt for helse og sykepleievitenskap, UiA, på tlf 38 14 20 33, eller på e-post anne.opsal@uia.no

Helse: KORONA

Viktig informasjon om vaksinasjon (Covid -19)

Vi er godt i gong med å vaksinere innbyggjarane i kommunen. Vi vaksinerer for tida pasientar på

Byglandsheimen og bebuarar i omsorgsbustader. Alle vil bli kontakta når det blir dykkar tur til å få vaksina.



Mottekne vaksinedosar

Bygland kommune starta opp arbeidet med å vaksinere innbyggjarane i veke 1 i 2021. Då fekk vil tilsendt dei første dosane.

Vi fekk tilsendt:

- 6 dosar i veke 1
- 6 dosar i veke 2
- 6 dosar i veke 3
- 18 dosar i veke 4, men av desse blir 6 dosar nytta til 2. gongs vaksinerer av dei som fekk i veke 1

Vi startar og med vaksinerer av helsepersonell i nøkkelstillingar.

Dei nye dosane går no først til dei eldste innbyggjarane våre som har takka ja til vaksine. Ein prioriterer etter alder, dei eldste får først.

Vi sender innkalling per SMS når vi veit tidspunkt for vaksinerer. Dei som har sagt at dei ønskjer å blir ringt til (i staden for SMS), vil vi ringe til.

Førebels veit vi ikkje kva dag vaksinane kjem og kor mange vi får. Dette får vi melding om berre nokre få dagar før vaksinane kjem.

Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og -stad når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre

avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil igjen få høve til å ta vaksinen veka etter.

Ring Bygland kommune på tlf. 37 93 47 00 dersom du ikkje kan bli vaksinert.

Viktig

Ein må møte opp på tidspunktet ein har fått - ikkje før eller etter. Dette er for å hindre at mange menneske blir samla på ei gong.

Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng. Du vil få melding om kvar du skal møte, og kva tidspunkt du skal møte.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur.

Hovudregelen er:

- Dersom vi får 1 - 50 dosar: Kommunestyresalen på Bygland eller Byglandsfjord legekontor
- Dersom vi får over 50 dosar: Byglandshallen eller Årdalshallen

For meir informasjon rundt vaksine: sjå kommunen si heimeside bygland.kommune.no

Bygland frivilligsentral informerer:

Transport til og fra vaksinasjon

Bygland kommune er no i gong med vaksinerast. Framover vil fleire få tilbod om vaksine.

Det vil verte tilrettelagt for vaksinerast i nord, midt og sørlege del av kommunen.

Bygland Frivilligsentral ønskjer å bidra i arbeidet. Vi treng frivillige til å transportere eldre som skal vaksinerast frå heimstad til vaksineringsstad og heim att.

Hvordan blir oppgavene organisert?

Den som køyrer vil få køyregodtgjersle etter staten sine satsar. Kvar leverer inn skjema med oversikt over køyring, og får betalt på etterskot. Bygland kommune vil syte for utstyr knytt til smittevern til deg som sjåfør. Det er tale om oppdrag over ein kort periode.



Hvem ser vi etter?

Alle kan hjelpe til med dette :-)

Krav: førerkort og bil

Oppdraget skal ikkje koste deg noko.

Meld deg om dette kunne vert noko for deg:

<https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/transport-til-og-fra-vaksinasjon>

Pårørandekurs våren 2021

Våren 2021 blir det nye mestringskurs i Arendal, Flekkefjord og Kristiansand for pårørande som er berørt av andre sin bruk eller avhengigheit til rusmidlar



Om kurset

Kurset er eit samarbeid mellom Avdeling for rus- og avhengighetsbehandling i Sørlandet sykehus (ARA), kommunar i Agder (Kristiansand, Arendal og Lister-kommunane), ein pårørande med eigenerfaring og Lærings- og mestringscenteret (LMS).

Kurset er for deg som:

- Ønskjer auka læring og mestring som pårørande
- Ønskjer auka medvit omkring eigne ressursar og moglegheiter
- Ønskjer auka kunnskap om mestringsstrategiar, og korleis du kan ta desse i bruk i eige liv
- Ønskjer å møte andre i samme situasjon og dele erfaringar
- Er over 18 år, og står nær ein med rusavhengigheit

Kurset blir leia av ein representant frå Avdeling for rus- og avhengighetsbehandling på Sørlandet sykehus, ein representant med eigenerfaring som pårørande og ein kommunal representant frå Kristiansand, Arendal eller Lister-kommunane. Kurset er for vaksne over 18 år. I enkelte kommunar er det eigne mestringskurs for barn og ungdom (SMIL-grupper).

Har du forflyttingsvanskar: Gje beskjed ved påmelding om behov for P-plass i nærleiken av Lærings- og mestringscenteret (LMS).

Å vere pårørande til nokon som slit med rusavhengigheit kan vere ei belastning. Mange pårørande går ofte med opplevinga av å vere overlatt til seg sjølv med sine tankar, påkjenningar og utfordringar, både følelsemessig og praktisk. Erfaring viser at det å møte andre i liknande situasjonar kan vere bra i sårbare fasar i livet. Mestringskurset tilbyr informasjon, rettleiing og støtte til deg som pårørande. Kurset har som mål å auke kunnskap og forståing om kva det inneber å vere pårørande til ein som er avhengig av rus, med fokus på auka mestring i eige liv. Kurset ønskjer å bidra til større openheit og gjensidig erfaringsutveksling mellom deg som pårørande, og helsetenesta.

Innhald i kurset

- Å vere pårørande: Å forstå rusavhengigheit i eit pårørandeperspektiv
- Familiens verden: Kultur/rollar som kan oppstå i familiar som opplever rus
- Å leve med belastningar: Mestringsstrategiar
- Vegen vidare: Moglegheiter i systemet, eiga mestring og vegen vidare

Praktiske opplysningar:

Tilvisning: Der er ikkje naudsynt med tilvisning

Tidspunkt:

- Arendal: 12., 19. og 26 april og 3. mai 2021
- Flekkefjord: 20. og 27. mai, 3. og 10. juni 2021
- Kristiansand: 4., 11., 18. og 25. mars 2021

Kurset held på frå kl. 12.00 – 15.00 alle dagar

Påmelding: Bindande påmelding til Avdeling for rus- og avhengighetsbehandling (ARA) på tlf. 38 13 26 00

Stad: Lærings- og mestringscenteret, Sørlandet sykehus i Kristiansand, Arendal og Flekkefjord

Kostnad: Eigenandel for kurset er kr. 300.-

Plan og Utvikling

Innspel til kommuneplanen sin arealdel utsett - Ny frist er 1. mai 2021

Vi ønskjer å arrangere fysiske møte i samband med medverknad til revidering av arealdelen. Covid-19 situasjonen vi står i gjer det vanskeleg.

Men vi håpar at det blir enklare å møte kvarandre utover våren.



Målet er difor framleis å arrangere møte der næringslivet, organisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar kan kome med innspel, og der vi saman kan drøfte og diskutere arealbruken i kommunen. Tid og stad for fysiske møte vil vi informere om utover vinteren og våren etter kvart som vi ser at det er trygt å samle folk. Det vil bli arrangert fleire møte rundt om i kommunen. Ut i frå dette så utset vi fristen for å kome med innspel til **1. mai 2021**.

Meir informasjon finn du på kommunen sin heimeside:

<https://www.bygland.kommune.no/innspel-til-arealdelen.529473.nn.html>

Drift og Forvaltning

Utllysing av midlar: Klima- og miljøprogrammet i jordbruket 2021

Statsforvaltaren i Agder (tidl. Fylkesmannen) har fått fylkesvis tildeling annanfor Klima- og miljøprogrammet i jordbruket.



Søknadsfrist er 1. april

Programmet omfattar tiltak som er knytta til

- klimatilpassing
- klimagassutslepp
- jord
- naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet
- forureining til vatn, jord og luft

Målgruppa

Målgruppa for ordninga er først og fremst føretak, fag- eller næringsorganisasjonar og utgreiings- og forskingsverksemd (institusjonar)

Prioriterte prosjekt i 2021

Statsforvaltaren i Agder prioriterer i 2021 prosjekt knytta til ein klimavenleg driftspraksis i jordbruket.

Døme på tiltak kan vere:

- optimale spreieteknikkar og spreietidspunkt for husdyrgjødsel
- god agronomi og auka teknologisatsing som verktøy for å redusere klimagassutslepp
- tiltak som aukar karbonbindinga i jord, t.d. bruk av fangvekster
- jordarbeidingstiltak og konsekvensar for utslepp til luft

- vurdere behov for endringar i dyrkingssystem og agronomi under endra klimabetingelsar
- tiltak knytta til naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet
- formidling, fagmøte og informasjonstiltak knytta til klima- og miljøprogrammet

Prosjekta skal bidra til:

- at eksisterande eller ny kunnskap raskt når ut til næringsutøvarar
- oppdatere kunnskap for rådgjeving og forvaltning
- informere om jordbruket sin miljøinnsats til samfunnet for øvrig

Lenker og søknad

- Lenke til lokale retningslinjer:
<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/b269f8f7577b449b9e90d143bf0fe57a/klima--og-miljoprogrammet---lokale-retningslinjer>
- Lenke til Landbruksdirektoratet sine sider:
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/prosjektmidler/alle-prosjektmidler/midler-til-nasjonale-klima-og-miljotiltak>

Søknaden må bli sendt i Altinn med innlogging via ID-porten - Lenke til søknadsskjema

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/klima--og-miljoprogrammet-kmp--tilskudd-til-nasjonale-prosjekter/>

Smågnagarkurs

Personar som eig og/eller leiger ein landbrukseigedom kan få autorisasjon for å bruke enkelte gnagarmidlar.

Kurs vinteren 2021 (5 t. + 1 t. eksamen):

- måndag 1. februar kl. 9.00-14.00
- onsdag 10. mars kl. 17.00-22.00

For meir informasjon og påmelding: sjå Bygland kommune si heimeside



Plantevernkurs vinteren 2021

For å kunna kjøpa og bruka plantevernmiddel må du ha eit autorisasjonsbevis, såkalla sprøytesertifikat. Då må ein gjennomføra kurs og bestå eksamen. Beviset gjeld i 10 år.

Kven treng dette?



Ordninga gjeld alle som bruker plantevernmiddel til dømes bønder, gartnarar og skogbrukarar. Dessutan tilsette i bedrifter, skular og offentleg verksemd som bruker plantevernmiddel. Er du i tvil om du kan få beviset, ta kontakt med kommunen før kursstart.

Fornyng - du må ha eit utskrive bevis frå før. Du kan fornya sjølv om det har gått ut.

Mattilsynet har godkjent at kurs kan gjennomførast heimefrå via PC pga. koronasituasjonen. De vil då få tilsendt ein link på e-post og kan delta. Du trengjer ikkje å installera noko program på førehand.

Tidspunkt:

1. gong: (2 dagar, vel eit av kursa/kulepunkta)

- onsdag 3. februar kl 17-22 og onsdag 10. februar kl. 17-21.
- måndag 1. mars kl 9-14 og fredag 5. mars kl 9-13.
- torsdag 29. april kl 9-14 og onsdag 5. mai 9-13

Fornyng: (vel ein av datoane)

- onsdag 3. februar kl 17-22
- måndag 1. mars kl 9-14
- torsdag 29. april kl 9-14

For meir informasjon om eksamen, kursbok, kursavgift og påmelding: sjå Bygland kommune si heimeside eller her: <https://aqder.nlr.no/kurs/plantevernkurs/>

Oppvekst

På isen januar 2021

Nyåret starta med fantastisk vintervør og ned mot minus 17 grader! Det gav etterkvart gode isforhold som både store og litt mindre på skulen nytta seg av på skøyte dagen den 14. Januar. Kappløp, ishockey, isdans og "Hauk og due" var nokre av aktivitetane som ble prøvd ut!



Vi takkar alle lærarar som var med på fjorden og gav elevane ei fantastisk oppleving. Siv Eline Jakob tok mange flotte bilete av skulens spreke elevar. Takk òg til Arne Vegusdal som rydda snøen slik at det blei gode skøyteforhold for barna.



Vinterferie

Det er vinterferie i veka 8 (22.-26.02).

Bygland kommune ønskjer alle elever og ansatte ved oppvekstsentra i Bygland

GOD FERIE!

Kultur

UKM Bygland 🎉

UKM Bygland er eit prøveprosjekt i kulturskulen i år. Meld deg på viss du er mellom 13 og 19 år. Vi tar og i mot påmeldingar i alderskategorien under 13 år for rekruttering.



Meir info får du via kulturleiar Anne Fauske (tlf. 945 10 770) eller kulturskulen. Påmelding med frist 28.02. finner du her:

<https://ukm.no/bygland/>

Kva er UKM?

Ønsker du å skapa noko, møta likesinna og utvikla talentet ditt? UKM er ein møteplass for ungdom og kultur, der vi skaper noko saman.

Her kan du visa fram det du brenn for, eller hjelpa andre å bli sett. I UKM er alle kulturelle uttrykk velkomne, enten det er song, fotokunst, cosplay eller moderne dans.

Vi er her for å gi deg moglegheita til å driva med det som interesserer deg! Kanskje oppdagar du òg noko nytt? Hos oss kan du vera den du vil. - ukm.no/

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND
<https://bygland.kyrkje.no/>

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

Grunna stadige endringar i koronasituasjonen kan me diverre ikkje opplyse om gudstenester i Byglandsnytt disse dagar. Sjå difor annonser i Setesdølen.



Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette oppstart av dei fleste aktivitetane sine.

Informasjon om oppstartsdato og smittevernomsyn i følgje smittevernpplan vil kome fortløpande på www.bygland.frivilligsentral.no/ og

www.facebook.com/bygland.frivilligsentral

Opne aktiviteter er:

- **Kunstnarverkstaden for barn**, kvar fredag på frivilligsentralen
 - kl. 13.00 - 14.30: 1-3 klasse
 - kl. 15.00 - 16.30: 4-6 klasse
- **Utstyrsentralen** med alt du trengt for vintersport; tlf. 94 50 28 58
- **Ombringning av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**



Gratis online sjakkurs med Sjakk og samfunn

- onsdag 3. februar kl. 20.00-21.30
- onsdag 10. februar kl. 20.00-21.30
- onsdag 17. februar kl. 20.00-21.30



Meld deg på her:

<https://sjakkogsamfunn.no/pamelding-online-sjakkurs-agder/>

N.B. Sjakkbrett kan du låne på utstyrsentralen

Ungdomstur til Brokke Alpinsenter for 6-10 klasse

Gjeng du i 6.-10. klasse, og kunne tenkje deg å finne på noko saman med andre i vinterferien? Bli med oss til Brokke då vel! Alt er GRATIS!

Bygland Frivilligsentral vil invitere deg i 6.-10. trinn på tur til Brokke Alpinsenter tysdag i vinterferien (**23.2**).

I Brokke ordnar me gratis dagskort for dei som IKKJE har årskort.

Det er gratis buss frå Byglandsfjord til Brokke og heim igjen.

Me serverer også gratis hamburgar på bålpanna ved Nistebui.



Har du ikkje utstyr? Det fikser me på Utstyrssentralen, så langt lageret vårt rekk. Du kan også gå på langrenn om du vil det. Me har utstyr til det også.

Påmelding: <https://bygland.frivilligsentral.no/hendelse?brokke-tur-for-ungdom&Id=582911>

Bygland kommune abonnerer på Tilskotsportalen

Tilskottsportalen er eit verktøy for deg som vil jobbe meir effektivt og lykkast betre i å søke tilskot til dine prosjekt.



Portalen gjer deg ein oversikt over alle tilskotsordningar som vert bydd fram for norske organisasjonar, og du kan søke etter støtteordningar og tilskot i mange ulike kategoriar. Les meir: www.tilskuddsportalen.no

Strøsand (singel) til eldre vintersesongen ut

Frivilligsentralen og Rådet for eldre og funksjonshemma vil i vintersesongen ha eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen. I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter. Meininga er at dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bytte, sette ho ned og ta med ei full.



For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. **95234632** eller Frivilligsentralen tlf. **94510770**. For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive namnet sitt.

Tømekalender for Bygland kommune – februar 2021

Matavfall og restavfall: veke 6: torsdag 11.02.

Papir og plast: veke 8: tysdag 23.02.

Matavfall og glass/metall: veke 8: torsdag 25.02.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.02.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (27.02.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (13.02.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS informerer: ny ordning om utlevering av bioposar og plastsekkar

SMG har bede oss om å dele denne informasjonen.



Til deg som huseigar i kommunen!

Vi innfører ei ny ordning for utlevering av bioposar til matavfall og for plastsekkar til returplast. Framover må du gjere følgjande for å få desse:

- Treng du bioposar, bind du ein tom biopose på matavfallsdunken
- Treng du sekkar til returplast, bind du ein tom berepose på papirdunken

Våre renovatørar vil då dele ut det du manglar.

Ikkje tak av bioposen eller bereposen før du har fått det du manglar.

Renovatøren kan ha gått tom for desse på bilen. Du vil då få utlevert neste gong renovasjonsbilen kjem. Har du gått tom for bioposar eller plastsekkar, kan du få desse utlevert på gjenvinningsstasjonen og i resepsjonen på kommunehuset.

Helsing

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland filmklubb – søndag 14.02. på Bygland kulturscene

Visningane blir annonsert på Facebook. Følg Bygland filmklubb




Q-gjengen
(2004)

Alder: 7 år

Josey Wales
fredløs (1976)

Alder: 15 år



Nye regler og priser for medlemskap 2021

Barn/Ungdom 0-18 år : 50,-; Vaksne : 100,-

Alle tilstade på visninger må registrerast som medlemmar.

Enkel registrering med navn, fødselår, e-post og tlf nr.

Medlemskap kjøpast "i døra" på alle visninger.

Dei som var medlem i 2020, fornyer bare medlemskapet sitt når dei kjem på neste visning i 2021.

Bygdekinoen: (bygdekinoen.no) – onsdag 24.02., Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30 – Lassi kjem heim

OMTALE:

Collien Lassie og 12 år gamle Florian er alltid samene. Etter at Florians far mistar jobben, må dei flytta til ei lita leilegheit der dei ikkje kan ha hund. Florian er nøydd til å gi frå seg Lassie til Herr von Sprengel, som lovar å passa på Lassie. Men ein av Von Sprengels tilsette er slem med Lassie, så hunden rømmer for å finna den rette eigaren sin...

BILLETTPRIS: 100 kr.

FILMFAKTA: Regi: Hanno Olderdissen; Språk: norsk.

Produksjonsår: 2020. Skodespelarar: Bandit, Sebastian Bezzel, Anna Maria Mühe.

Sjanger: Eventyr /Familiefilm /Spenning /Barnefilm. Nasjonalitet: Tyskland. Lengde:

1t. 36min. Aldersgrense med grunngiving: 6 år. Enkelte dramatiske scener gjer at filmen får aldersgrense 6 år



Film 2: kl. 19.30 – ingen film lagd ut ved redaksjonsslutt; for dagsaktuell informasjon sjå <https://www.bygdekinoen.no>

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 18:

Bilete: Framside: Setesdal Austheia av Rune Larsson, Innhold: Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske, Siv Eline Jakob, Bygland Filmklubb, Bygdekinoen. Red.notat: S.E. Jakob. Kva skjer: Ingrid Kvaale Skibsrud. Tusen takk til alle fotografane!

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Neste utgåve Byglandsnytt: 03. mars 2021*





KVA SKJER I BYGLAND? Februar 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
fredag 05.02.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
fredag 12.02.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
sundag 14.02.	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene		For tid sjå Bygland Filmklubb sin FB-side
fredag 19.02.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
onsdag 24.02.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	Kl. 17.30	Lassie kjem heim; 6 år
		Kl. 19.30	Ingen info om film 2 ved redaksjonsslutt
veke 8 (22.- 26.02.)	Oppvekstsentra i Bygland		Vinterferie